



Dato : 03.11.2010
Vår ref. : 10/1574-2/142
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Arne Skuterud
Telefon : 61216168
Telefaks : 61216161
E-post : postmottak@nord-fron.kommune.no

Nedregate 50
2640 Vinstra

Høyringsinstansane,
jf. vedlagde adresseliste

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168

KOMMUNEPLAN FOR NORD-FRON 2011 - 2022: AREALDELEN - 1. GONGS OFF. ETTERSYN

Plan- og næringsutvalet har i møte 31.08.2010, sak 76/10 vedteke å leggje ut utkast til *Kommuneplan for Nord-Fron 2011 – 2022, arealdelen* til offentlig ettersyn, jf. § 11-14 i plan- og bygningslova. Planutkastet skal avløyse gjeldande kommuneplan, som vart vedteke 30.06.2005. Planutkastet blir med dette lagt ut til fyrste gongs ettersyn i perioden 04.11. – 21.12.2010.


Planutkastet omfattar heile kommunen og inneheld forslag til nye bustadområde, næringsareal og areal for hyttebygging med meir, forslag til ny E6 og verneområde. Utkastet inneheld også forslag til nye kommuneplanreglar. Følgjande dokument utgjer planutkastet:

- *Plankart for heile kommunen*
- *Plankart for desse seks delplanområda: Vinstra, Kvam, Skåbu, Nerseterlia, Åsane og Skjedalen.*
- *Planføresegner.*

Utkastet byggjer på Planprogram for arealdelen, vedteke av kommunestyret 27.10.2009, sak 50/09. Utkastet er utforma på bakgrunn av bl.a. drøftingar i fleire møte i Plan- og næringsutvalet: 09.03.2010, sak 30/10, 23.03.2010, sak 36/10. Konklusjonar frå desse drøftingane går fram av vedlegg 3 og 5.

I samband med planarbeidet er det utarbeidd *Planforklaring*, som bl.a. inneheld ei vurdering av alle forslag som kommunen i 2009/2010 har fått i samband med start av planarbeidet. Det er også utarbeidd ei *Konsekvensutgreiing og Risiko- og sårbarheitsanalyse* der kommunen har vurdert følgjene av alle endringar i den nye planen i forhold til gjeldande kommuneplan.

Alle desse dokumenta er nå lagt ut på kommunen si heimeside www.nord-fron.kommune.no. Planen er også lagt ut ved informasjonstenesta i kommunehuset, 1. etasje. Dei som ikkje får tak i plandokumenta her, kan ringe kommunen på telefon 61 21 61 00 og få tilsendt aktuelle dokument. Spørsmål kan rettast til planleggjar Arne Skuterud, tlf. 61 21 61 68.



Dette brevet er sendt til ei rad offentlege instansar, frivillige organisasjonar og alle enkeltpersonar og instansar som har gitt merknader etter at start av planarbeidet vart kunngjort 07.05.2009.

Frist for å koma med merknader er **tysdag 21. desember 2010**.

Med helsing


Arne Skuterud
planleggjar

Kopi: Ref. Plan- og næringsutvalet, her

Vedlegg som er lagt ut på heimesida:

1. Plankart:
 - a. Plankart for heile kommunen, med teiknforklaring.
 - b. Delplankart for Vinstra, målestokk 1 : 20.000.
 - c. Delplankart for Kvam, målestokk 1 : 20.000.
 - d. Delplankart for Skåbu, målestokk 1 : 20.000.
 - e. Delplankart for Nerseterlia, målestokk 1 : 10.000.
 - f. Delplankart for Åsane, målestokk 1 : 10.000.
 - g. Delplankart for Skjedalen, målestokk 1 : 10.000.
2. Planføresegner
3. Planforklaring
4. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse.
5. Møtebok frå Plan- og næringsutvalet 31.08.2010, sak 76/10.